

## Siste Reis

*Me kjører langs ein blåblank fjord  
I lauvsalar av tre og blomar  
Den jamne duren av ein bilmotor  
Så stilt som heile dagen ligg  
I koma  
- Og på sjukebåra bak ligg mor*

*Dagen er så still der me fær  
I ambulanse uten blålys og sirene  
I set i framsetet som passasjer  
Bak meg dropar livet ut  
Tå drenet  
- Det er sommardag og julivêr*

*Me kjører heim frå Haugesund  
Det er ho og I i ambulansen  
Ho pustar ennå med sin eigen munn  
På siste stykket tå distansen  
Og over  
- Gløder sola vill og rund*

*Ved sida sit ein vant sjåfør  
Me sit og snakkar lågmælt i lag  
Eg kjenner henne godt frå før  
Det er Elsemor og ingen framand  
Som styrer  
- Fram til livets siste dør*

*Først opnar seg ein lang tunell  
Som fører inn bak lyset  
Inn i grava under høge fjell  
Sommarvarmt om enn me fryser  
Og nattesvart  
- Nattesvart men ikkje kveld*

*Mor mi søv og vaknar aldri opp  
Dei sa at ingenting sto att å gjere*

*Hjertet slår seg fram til siste stopp  
Der bilen stansar opp på ferda  
Og livet  
- Flyktar stilt frå din kropp*

COPYRIGHT © GYLDENDAL